



Taxi/Bus Odda AS
Urdaveien 1
5750 ODDA

Dato: 16.05.2017
Vår ref.: 2017/4023-2
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve og dispensasjon frå løyveplikta for strekninga Odda - Buer - Strand - Odda

Vi viser til dykkar brev motteke 05.05.17, med søknad om ruteløyve og dispensasjon frå kravet om ruteløyve for strekninga Odda – Buer – Strand – Odda.

Med heimel i yrkestransportforskrifta § 36 a) gjev vi unntak frå kravet om ruteløyve for den omsøkte ruta for perioden 25.05.17-24.08.17. Det er eit vilkår at vi, innan drifta tek til, har motteke følgjande dokumentasjon av nyare dato enn tre månader:

- Politiattest for dagleg leiar.
- Attest om gebyr-, avgifts- eller skatterestanser frå kommunekasserar/skattefut.
- Stadfesting frå konkursregisteret.

Grunngjeving: Verksemda vert driven i mindre enn 3 månader i året, er av mindre betydning, og skadar ikkje annan rutetransport.

Vi vil kome attende til søknaden om ruteløyve. Vi tek sikte på å leggje den fram til handsaming i fylkesutvalet i møte 24.08.17.

Dette brevet tener som dokumentasjon frå dispensasjon

Rolf Rosenlund
Seksjonsleiar
e. f.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.